

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hjelmland.

Emne: Nissar.

Bygdelag:

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jone Eiane f.9/1 1877. lærar.

SVAR

Nissar har vore vanleg i jula sidan hundradårskiftet. Nå er detx mykje brukt julafta, serleg der det er barn. Ein eller annan kler seg ut som nisse med maska, topphua og rare kler. Elles i jula går barn og ungdom også frå hus til hus om kveldane, bankar på og viser seg. Det er god skikk å gi dei eit eller anna av julamaten. Maskene dei brukar er oftast kjøpte. Det er stor stas og venting på nissen om afta, serleg for borna, nissen kjem med gåver og det er spanande å sjå kva ein får. At slike nissar gjev gåver i skåler og fat utanfor huset eller på annan måte, er ukjent her. Men i gamal tid trudde dei det var nissar og dvergar så å seie overalt. t. d. i fjell og skog, lær og uthus. Julafta sette dei graut o.a. til dei i uthusa. Dei måtte vera varsame og ikkje terga dei elles kunne dei finna på allslag streker, serleg mot kvinnene som molka og stia der. Desse nissane hadde raud topphua og kvit trøya, meinte dei. Desse nissane var altfor mykje "badnaskrøma".